

Bergen, 25.3.1986  
EE/TBR

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

=====

J. 39/86

FORSKRIFT OM REGULERING AV KOLMULEFISKET I FÆRØYSK FISKERISONE I 1986.

Fiskeridepartementet har den 11. mars 1986, med heimel i § 6, femte ledd i lov av 16. juni 1972 nr. 57 om reguleringen av deltakelsen i fiske og §§ 4 og 6 i lov 3. juni 1983 nr. 40 om saltvannsfiske m.v., fastsett:

§ 1

Norske farty kan fiska inntil 65.000 tonn kolmule i færøysk sone i 1986.

Fiskeridirektøren kan stoppa fisket når totalkvantumet nemnd i første ledd er pårekna oppfiska.

§ 2

Kolmula kan fiskast med trål eller not.

Ingen kan delta utan løyve frå Fiskeridirektøren.

Det kan gjevast løyve til inntil 55 trålarar. Av desse kan 20 farty fiska i den færøyske sona samstundes og i tillegg kan 10 farty driva forsøksfiske (fiskeleiting) utanom hovudfiskefeltet. Noregs Sildesalslag kan fastsetja til kva tid og kvar det ein-skilde fartyet kan fiska med trål.

§ 3

Denne forskrift tek til å gjelda straks.

-----